

Tertial 1/2016

Innhald

Økonomi – Driftsresultat pr 1.tertial 2016.....	2
Oppsummert med framlegg til budsjettjustering	2
Frie inntekter og netto finansinntekter/utgifter	4
Kort om drift tenestoområda	6
Organisasjon.....	8
Tenestoområde Helse og omsorg	9
Tenestoområde Oppvekst	14
Tenestoområde Samfunnsutvikling.....	18
Felles.....	19
Saker til Kommunestyre 1.tertial	20

Økonomi – Driftsresultat pr 1.tertial 2016

Oppsummert med framlegg til budsjettjustering

Pr 1.tertial er det eit avvik på om lag -2,8 mill. Dette er delvis periodiseringsavvik både av inntekter og kostnader, og delvis omstillingar som vil få effekt seinare i året. Prognosen for året er balanse.

Drift

Tabellen under viser resultat pr 1.tertial.

Tenesteområde	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Felles	6 774 906	9 126 825	2 351 919	26 063 936	7 128 298
Oppvekst	24 885 426	24 570 174	-315 252	69 828 341	26 421 385
Helse og omsorg	49 025 042	46 907 981	-2 117 061	122 814 877	51 233 471
Samfunnsutvikling	14 856 101	12 138 509	-2 717 592	40 080 846	10 700 098
Sum	95 541 475	92 743 489	-2 797 986	258 788 000	95 483 252

Det reelle avviket er mindre enn tala pr april viser, t.d Folkehelse og familie der inntekter kjem seinare i året og Sjukeheimstensta der ein har iverksatt stillingsreduksjonar. Avviket på samfunnsutvikling er føring av mobilutbygginga, her vil det kome refusjonar som dekker det. Innan felles er det omvendt, her er det positivt avvik grunna utgifter som kjem seinare i året.

Den økonomiske situasjonen er krevjande og det er sett i verk mange tiltak som vi ser har byrja å verka. Ytterlegare effekt er venta i dei siste månadane av året. Heile organisasjonen gjennomfører tiltak for å styre mot balanse.

Prognose for 2016:

Dei største utfordringane er knytt til omstilling innafør Sjukeheimstenesta med reduksjon av om lag 8 årsverk. Desse er iverksett 1.halvår og vil ha full effekt 2. halvår. I tillegg til Sjukeheimstenesta er det Skule som har dei største budsjettmessige utfordringane, spesielt med tanke på auke i delingstimar 2.halvår. Det er i tillegg knytt noko usikkerheit til andre tenester, som til dømes sosialtenesta og barnevern.

Det vert ikkje foreslått justering av rammer mellom tenesteområda og det vert arbeidd med å sikre at tenesteområda samla går i balanse ved årets slutt.

Investering

Pr. 1.tertial er det følgjande status.

	Rekn 1.ter	Årsbud 201	Rest	Status - framdrift
IKT- OG DATASIKKERHEITSLØYSING	0	1 200	1 200	arbeid pågår
INVESTERING KYRKJER - ÅRLEG LØYVING	0	200	200	
KUNDETORG	0	400	400	oppstart 2. halvår
PROSJEKT DEMENSSENTER/HELSEHUS	0	5 000	5 000	oppstart 2.halvår
OMBYGGING/OPPGRADERING AV KOMMUNALE BUSTADER	-1	0	1	
MELLOMBYGG/VAKTROM ELVAVEGEN	9	1 800	1 791	Rammeavtale med Åsane BF, ventar på kostnadsoverslag
INNOVASJON I OMSORG	0	300	300	pågår
FOLKEHELSE OG FAMILIE - SAMLOKALISERING HERADSHUS	0	900	900	oppstart 2. halvår
TILSTANDSVURDERING SJUKEHEIMAR OG OMSORGSBUSTADER	69	0	-69	
REHABILITERING KJØKKEN 5.ETG. DALETUNET	0	825	825	Utsatt og ikke igangsett.
INVESTERINGAR SKULEBYGG M/RENTEKOMPENSASJON	0	1 400	1 400	Utsett i påvente av skulestrukturavgjerd.
INVESTERINGAR SKULEBYG	146	5 000	4 854	Utsett i påvente av skulestrukturavgjerd.
RIVING PPT/BARNEVERN	0	1 000	1 000	Ligg ute på Doffin basen tilbudsfrist 27.mai
UTEOMRÅDE SKULANE/BARNEHAGAR (RENTEKOMP)	0	200	200	
DIGITALISERING BARNEHAGE	18	0	-18	
BUSTADER LAVIK	0	0	0	Eigedomen er annonsert for sal, frist for skriftleg tilbod 20. mai.
FORPROSJEKT BUSTADER JAMNE	49	500	451	Går sin gang., neste møte med arkitekt 16. juni
TILSTANDSREGISTRERING KULTURBYGG	780	1 500	720	90 % utført, alt er ikkje fakturert
TILSTANDSREGISTRERING UTLEIGEBUSTADER	0	1 000	1 000	Oppstart i mai 2016, forventa ferdig september.
TETTANES T1	514	2 000	1 486	I henhold til framdriftsplan
SENTERPLASSEN	343	400	57	Vil bli overskriding på ca 150` pga utskifting av alt av el kabler og lys.
ANDRE MØTEPLASSAR / GRØNTANLEGG / NÆRMILJØ	0	300	300	Omdisponering av midlar til K40050, ca 150'
STAMNES SENTRUM	0	500	500	Ikkje starta opp
TEKNISK STASJON MASKINER/UTSTYR	0	1 600	1 600	Ikkje starta opp
DIGITALE KARTVERK/ARKIV	0	200	200	Ikkje starta opp
TRAFIKKSIKRINGSTILTAK DALE	0	400	400	Innsamling av innspel til tiltak i gang.
RASSIKRING/RASVURDERING	0	150	150	Venter på NVE som har varsla at dei ventar på nytt kartgrunnlag i Vaksdal
BALLBANE EKSINGEDALEN	0	250	250	Ikkje igansett. Synfaring planlagt veke 21
BRANNVERN - BEKLEDNING	19	100	81	Under arbeid
OPPRUSTING KAIER	0	500	500	Ikkje starta opp
KAI STANGHELLE	17	0	-17	Anbod under arbeid
OMBYGGING 5 ETG. HERADSHUSET	0	500	160	Ikkje starta opp
BUSTADER DØSO	153	0	-153	Stansa arbeida med skisseprosjekt bustadane, planarbeida går sin gang, ventar på K5
KOMMUNALE VEGAR-OPPGRADERING	0	750	750	Hovudplan vegar ute på anbod. Anbudsfrist 23.mai.
KOMMUNALE BRUER- OPPGRADERING	0	500	500	Ikkje igangsett
RULLERING AV KOMMUNEPLAN	-3	650	653	Under arbeid
FRAMFØRING AV VASSLEIDNING STANGHELLE KAI	-101		101	Anbodsdokument/plan under arbeid. Utlysing Juni.
AVLAUP KLOAKKAR	0	1 500	1 500	Ikkje starta opp
NYTT VASSVERK VAKSDAL	1 043	23 000	21 957	Utsett i påvente av forprosjekt for ny E16
AVLAUPSANERING VAKSDAL	0	4 000	4 000	Ikkje starta opp
HØGDREBASSENG MYSTER	0	3 700	3 700	Planarbeid starta opp
OPPGRADERING DALEVÅGEN				
AVLAUPSRENSEANLEGG	0	300	300	Ikkje starta opp
AVLAUPSANERING STANGHELLE	0	500	500	Ikkje starta opp
ASFALTERING GAMMERSVIK-GRØSVIK	0	780	780	Anbod under arbeid
VAKSDAL IDRETTSPARK - GANGVEG	0	160	160	Ikkje i gangsett. Venter på ledig kapasitet ved driftsavdeling

Frie inntekter og netto finansinntekter/utgifter

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Rammetilskot og inntektsutjamning	-51 880 292	-52 706 000	-825 708	-146 000 000	-51 154 857
Skatt	-40 209 012	-39 710 000	499 012	-95 000 000	-38 545 826
Eigedomsskatt	-16 356 162	-16 000 000	356 162	-32 000 000	-17 159 732
Renteinntekt/Utbytte	-205 259	-240 000	-34 741	-2 700 000	-252 075
Netto gevinst aksjer/obligasjoner	-3 232 335	-333 333	2 899 002	-1 000 000	-958 640
Andre statlege overføringar	-313 670	-156 667	157 003	-5 970 000	-116 484
Renter	1 543 279	2 566 668	1 023 389	7 700 000	2 735 964
Avdrag	1 798 493	4 600 000	2 801 507	13 800 000	3 331 004
Netto avsetjing fond	-	-	-	1 425 000	-
Overføring frå drift til investering	-	-	-	957 000	-
Sum	-108 854 958	-101 979 332	6 875 626	-258 788 000	-102 120 646

Skatt og rammetilskot

Eigen skatteinngang har vekt frå 2015, og har også ei meirinntekt i høve budsjett 2016.

Inntektsutjamninga er avhenging av nasjonal skatteinngang, og her er det framleis litt usikkert korleis dette påverkar Vaksdal kommune, pr 1.tertial er det noko mindre inntekt enn budsjettet. Det er for tidleg å sei korleis samla skatteinngan vert for Vaksdal kommune, men vi legg til foreløpig til grunn at det vert balanse i 2016.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er redusert frå 2015, men har ei meirinntekt i høve budsjett 2016. Det er forventa at inntekta vil verte om lag 0,7 mill over budsjett.

Renteinntekt/Utbytte

Foreløpig er det mindre inntekter her, forventar balanse i høve budsjett 2016.

Aksjar og obligasjonar

Det har dei siste åra vore mindre inntekt enn budsjettet, men pr 1.tertial er det positiv avkastning i høve aksjebenchmark (Oslo Børs – OBX). Det er obligasjonsprofølgen som har hatt best avkastning, medan det har tap på aksjar. Den største delen av gevinsten er knytt til auka marknadverdi på aksjoar og obligasjonar.

Det er framleis tidleg på året, men vi legg foreløpig til grunn at det ikkje vert budsjettavvik i 2016.

Meir detaljar finn ein i vedlagte rapport fr BCM

Renter og avdrag

Pga lave rentenivå har kommunen kunne låne til lavare rente enn budsjett-renta, og det er forventa at det samla vert i overkant av 2 mill i mindreforbruk her. Mindreforbruk på avdrag er eit periodiseringsavvik, avdrag vil verte betalt i samsvar med budsjettvedtak.

Meir detaljar finn ein i vedlagte rapport frå BCM

Oppsummert frie inntekter og netto finansinntekter / utgifter

Det er først og fremst to forhold som skapar usikkerheit i prognosa fram mot 31.12.2016.

Inntektsutjamninga er avhengig av nasjonal skatteinngang, og er samstundes noko vanskeleg å periodisere i budsjettet. Vi må foreløpig anta at samla skatt vert som budsjettet. Aksjar og obligasjonar har gitt mindreinntekt i høve budsjett dei sista åra, men viser no betre avkastning. Det er likevel tidleg å konkludere med at dette vil gje oss større meirinntekter i 2016.

Vi kan forvente lave renter i heile 2016, og her vil det verte eit mindreforbruk i høve budsjett.

Kort om drift tenesteområda

Omfordeling av ramma som følgje av interne flyttingar har vorte noko annleis enn det som tidlegare var utrekna. Utgifter innafor eigedomsforvaltning har vorte samla til tenesteområde Samfunnsutvikling. Dette gjeld mellom anna straum og vaktmesterteneste som tidlegare vart fordelt til einingane.

Nærare om drifta finn ein under tenesteområda.

Tenesteområde	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Felles	6 774 906	9 126 825	2 351 919	26 063 936	7 128 298
Oppvekst	24 885 426	24 570 174	-315 252	69 828 341	26 421 385
Helse og omsorg	49 025 042	46 907 981	-2 117 061	122 814 877	51 233 471
Samfunnsutvikling	14 856 101	12 138 509	-2 717 592	40 080 846	10 700 098
Sum	95 541 475	92 743 489	-2 797 986	258 788 000	95 483 252

Lønsutgiften er den største utgiftsposten i Vaksdal kommune. Fast løn inkl tillegg er den lønsutgiften som best reflekterer omstillinga med tilpassing til eit lavare utgiftsnivå. Samla viser dette reduksjon frå same periode i 2015. Dei 5 største tenestene er her grunnskule, institusjonsdrift, heimeteneste, barnehage og administrasjon. Med unntak av barnehage har det vore reduksjon frå same periode i 2015.

Felles økonomi

Felles økonomi er politisk, rådmann, stab , fellesutgifter og diverse tilskot (mellom anna Kyrkja, AO-senter og Frivilligsentral).

Pr 1.tertial er det eit mindreforbruk på om lag 2,3 mill. Avvika er knytt til periodisering , dette er mellom anna mottatt tilskot til drift av Frivillingsentral, diverse tilskotsordningar, og påløpt, men ikkje betalte utgifter til politisk/kontrollutval og IKT.

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Felles	6 774 906	9 126 825	2 351 919	26 063 936	7 128 298

Helse og omsorg

Helse og omsorg har ei samla budsjetttramme på om lag 123 mill. Pr 1.tertial er det eit avvik på -2,1 mill innafør tenesteområdet. Det er avvik knytt til barnevern (-0,9 mill), sosialteneste (-0,1 mill), noko av dette vert dekkja inn av inntekter som kjem seinare. Heimetenesta har eit mindre meirforbuk som er knytt til drift. Sjukeheimstenesta har gjennomført omstillingar 1.halvår som vi no begynner å sjå effekt av. Det er famleis behov for noko bemanningstilpassingar 2. halvår.

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Felles Helse og omsorg	1 781 027	1 910 047	129 020	4 734 501	1 299 284
Folkehelse og Familie	10 454 433	9 874 599	-579 834	23 566 603	10 832 573
Heimetenesta	20 335 214	20 104 396	-230 818	50 128 059	21 280 754
Sjukeheimstenesta	16 454 368	15 018 939	-1 435 429	44 385 714	17 820 860
Sum	49 025 042	46 907 981	-2 117 061	122 814 877	51 233 471

Oppvekst

Oppvekst har ei samla budsjetttramme på 69,8 mill mill. Pr 1.tertial er det eit mindre avvik på innafør tenesteområdet. Innafor Skule er deler av avviket knytt til manglande overføring av utgifter til Samfunnsutvikling innafor eigedomsforvaltning. Det er også litt avvik innafor SFO. Avvik innafor Barnehage er periodiseringavvik knytt til foreldrebetaling.

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Felles oppvekst	851 534	1 591 503	739 969	4 146 625	1 536 052
Skule	16 529 273	15 715 394	-813 879	44 438 817	17 511 235
Barnehage	7 504 619	7 263 277	-241 342	21 242 899	7 374 098
Sum	24 885 426	24 570 174	-315 252	69 828 341	26 421 385

Samfunnsutvikling

Samfunnsutvikling har ei budsjetttramme på om lag 40,1 mill. Pr 1.tertial er det eit avvik på -2,7 mill. Det er eit budsjettavvik knytt til mobilutbygging Eksingedalen som skal dekkast inn med tilskot frå fylkeskommunen og avsatt kommunal del.

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Samfunnsutvikling	18 281 121	15 742 635	-2 538 486	40 495 975	13 846 890
Samfunnsutvikling - sjølvkost	-3 425 020	-3 604 126	-179 106	-415 129	-3 146 792
Sum	14 856 101	12 138 509	-2 717 592	40 080 846	10 700 098

Organisasjon

Arbeidet med delprogram og satsingar i organisasjonsutviklingsprosjektet heldt fram, men med noko forseinka framdrift grunna avgrensa kapasitet i administrasjonen pr. 1. tertial, ein del aktiviteter er derfor skyvd til hausten.

Verdiarbeidet heldt fram i einngane, mellom anna vert det arbeidd med levereglar knytt til verdiane. Rådmanns sine dialogsamtaler er utsett til hausten grunna sjukefråvæ.

Leiarprogrammet har i tillegg til faste saker som personal og økonomi, hatt tema om endringsleiing , lov og avtaleverk, kommunikasjon og verdiarbeid. Ekstra innsats for å redusere sjukefråver er sett inn, oppfylging av dette er fast tema.

Sjukefråvær

Toltalt er sjukefråværet pr 1.kvartal er 11,2 %

Eining	Jan	Feb	Mar	1.kv 2016	1.kv 2015	Måltal
Barnehage	12,1	16,9	10,9	13,3	7	8,0
Skule	7,9	7,7	9,2	8,3	6,1	5,0
Folkehelse/familie	2,1	5,0	6,7	4,7	17,4	7,5
Samfunnsutvikling	10,8	11,9	13,0	12,0	15,9	7,0
Heimetenesta	12,0	14,2	15,0	13,8	14,5	9,5
Sjukeheimstenesta	12,8	14,1	13,0	13,3	19,2	9,5
Rådmann*	5,1	7,9	11,5	8,2	2,2	2,5
Kommunen samla	9,8	11,7	11,9	11,2	11,8	7,0

Rådmann: samle post

Sjukefråveret er framleis høgt og arbeidsgjevar har avtalt tettare samarbeid mellom sykemelder, arbeidsgjevar og NAV. Oppfølginga av langtidsfråver har spesielt fokus etter at analyser har vist at det er den største utfordringa . Oppfølginga er individbasert og må tilpassast den enkelte. Arbeidsgjevar er tett på i ein tidleg fase av sjukdommen for å vurdere tilrettelegging og motverke langt fraver. Vi ser ein del bedring på enkelte områder, særleg er det gledeleg er endringane i Folkehelse og familie. Sjukeheimstenesta er og noko lavare i perioden enn tidlegare. Vi ventar og noko bedring på andre einingar som resultat av arbeid som pågår.

Tenesteområde og einingar

Tenesteområde Helse og omsorg

Tenesteområdet utfører tenester i heile skalaen for tenesteyting og femner om alle aldersgrupper og alle diagnosegrupper, frå førebyggjande og rehabiliterande tiltak til bistand og helsehjelp til personar som ikkje meistarar alle gjeremål sjølv. Målsetnaden er at den einkilde i størst mogeleg grad kan meistra eige liv.

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Felles Helse og omsorg	1 781 027	1 910 047	129 020	4 734 501	1 299 284
Folkehelse og Familie	10 454 433	9 874 599	-579 834	23 566 603	10 832 573
Heimetenesta	20 335 214	20 104 396	-230 818	50 128 059	21 280 754
Sjukeheimstenesta	16 454 368	15 018 939	-1 435 429	44 385 714	17 820 860
Sum	49 025 042	46 907 981	-2 117 061	122 814 877	51 233 471

Pr 1.tertial er det eit avvik på -2,1 mill innafor tenesteområdet. Det er avvik knytt til barnevern (-0,9 mill), sosialteneste (-0,1 mill) er noko vert dekkja inn i året. Heimetenesta har hatt ekstraordinære utgifter knytt til leasingbilar. Sjukeheimstenesta har redusert talet på tilsette med om lag 8 årsverk, effekten av dette kjem gradvis frå april/mai. Dette er tatt med natuleg avgang og opphør av vikarstillingar, ingen har mista jobben, men to har fått ny arbeidsplass i heimetenesta.

Ein av sjukeheimplassane i Modalen vart avvikla frå nyttår. Tre pasientar klagar til Fylkesmannen på flyttevedtak, men fekk avslag. Flytting av dei resterande er planlagt i mai. Forseinka avvikling medfører ekstra kostnader i år, dette er ikkje budsjettert. Kostnaden kjem seinare i året.

Utskrivingsklare frå sjukehus, døgn å betala for

	Jan. -16 (15) 14	Febr. -16 (15) 14	Mars -16 (15) 14	April -16 (15) 14	2.tertial - (15) 14	3. tertial - (15) 14
Betalt for døgn utskrivingsklare	3 (8) 0	2 (8) 0	3 (21) 0	6 (43) 0	(9) 14	(16) 41

Pasientar på korttidsopphold, snitt pr. mnd. innanfor tertial

	1. tertial -16 (15) 14	2. tertial -(15) 14	3. tertial -(15) 14
Snitt pas. på korttids- opphold pr. mnd.	11,75 (15,5) 10	(15,25) 7,75	(17) 10,75
Kom frå sjukehus, snitt pr. mnd.	8 (9,5) 5,5	(8) 4	(11) 6,5
Tal pas. med demens	1 (12) 4	(7) 2	(3,25) 10

Det er sett i gang tiltak for å redusera press på sjukeheimplassar, og plassering av sjukeheimplassar og –grupper vert gjort for å sikra best mogeleg effektivitet samstundes som det er fagleg forsvarleg. Flytting av dementgruppe frå Daletunet til Vaksdal sjukeheim er planlagt i juni månad.

Mål og måloppnåing tenesteområde helse og omsorg

Alle einingar skal gjennomføra brukarundersøking:

Sjukeheimstenesta har utarbeida og prøvd ut forenkla brukarundersøking på korttidsavdelinga. Dei andre einingane har pr. 1. tertial ikkje gjennomført brukarundersøking.

Pårørandemøte skal innførast som fast rutine for heimetenesta og sjukeheimstenesta:

Er innført i sjukeheimstenesta og ligg inne om hausten på årshjulet. Heimetenesta skal gjennomføra sitt første pårørandemøte hausten 2016.

Innfasing av hovudbygg med nye tenester på Vaksdal ressurscenter for demens:

Første steg vert teke i juni då skjerma avdeling for personar med demens flyttar frå Daletunet til Vaksdal sjukeheim. Då vil begge dei to skjerma einingane vera samla på Vaksdal. Arbeidsgruppe har jobba med vidare planlegging av etablering av demenscenter, og dette vil holda fram utover hovudprosjektperioden som startar 2. tertial 2016.

Oppstart av gradvis innfasing av brukarlab på Helsehuset på Daletunet:

Arbeidsgruppe har jobba med planar for etablering av Helsehus og vil jobba vidare i hovudprosjektperioden. Me deltek i eksterne prosjekt og samarbeid som gjer at me får prøva ut aktuelle hjelpemiddel og aktuell teknologi.

Kompetanseoppbygging i tråd med kompetanseplan for å heva kompetansenivå:

Det vert jobba målretta med kompetanseheving i tråd med kompetanseplan, både gjennom kurs, kursrekkjer, vidareutdanning og deltaking i nettverk. Siste samling i nettverk for velferdsteknologi er gjennomført, tre tilsette (ergoterapeut, fysioterapeut og psykiatrisk sjukepleiar) har teke meistringsmodulen som påbygging til helsepedagogikk. Fagleiar for rus og psykiatri er i gang med vidareutdanning i velferdsteknologi. Fleire tilsette innan alle einingar har delteke på aktuelle kurs. Sjukeheimstenesta har implementert «Livets siste dagar», eit nytt program for palliasjon (pleie og omsorg for døande).

Seks personar er i gang med desentralisert sjukepleiarutdanning, og 10 er i gang med vaksenopplæring som helsefagarbeidar.

Heimetenesta

Brukarane av tenesta skal få bu heime så lenge som råd. Heimetenesta tilbyr hjelp knytt til heimen, og tenester vert tildelte etter individuelle vurderingar. Eininga har serviceerklæringer på dei ulike tenestene. Tenestemottakar skal oppleve tryggleik og trivsel i eigen heim. Eininga er tufta på verdier som respekt, omsorg og likeverd.

Økonomi

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Heimetenesta	20 335 214	20 104 396	-230 818	50 128 059	21 280 754

Det er eit lite underskot i eininga etter 1. tertial. Totalt er det overskot på løn. Underskotet er knytt til andre driftsutgifter.

Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Tilby kvardagsrehabilitering som ei eiga teneste:

I løpet av 2015 har ein testa ut metoden. I løpet av 1. tertial har ein laga mal til vedtak og starta å skrive vedtak. Etter sommaren skal dette bli ei teneste som ein kan søke på søknadsskjema.

Avhalde pårørandemøte i heimesjukepleien:

Dette skal gjennomførast til hausten.

Få heildøgns sjukepleiedekning i Heimetenesta:

I mars fekk me dekning av sjukepleiarkompetanse på delar av nettene. Frå mai har ein heildøgnsdekning av sjukepleiarkompetanse i Heimetenesta.

Delta i prosjektet «Lev Vel i Vaksdal – meistring og deltaking heile livet» og nytta dei moglegheitene som opnar seg ved bruk av moderne velferdsteknologi:

Fleire tilsette har delteke i arbeidsgrupper knytt til forprosjektet som er gjennomført det første halvåret. Fleire tilsette er sentrale i prosjektet og ein har byrja å ta i bruk ein del enklare hjelpemiddel, spesielt i heimesjukepleien. Ein har også byrja å prøve ut nye arbeidsmetodar.

Sjukeheimstenesta

Eininga skal driftast innan dei kvalitetskrav og lovmessige og økonomiske føringar som til ei kvar tid er gjeldande. Sjukeheimstenesta må leggja til rette for å oppfylle målsetninga om at alle skal få bu heime så lenge som mogeleg.

Økonomi

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Sjukeheimstenesta	16 454 368	15 018 939	-1 435 429	44 385 714	17 820 860

Omstilling av personale og reduksjon av sjukeheimsplassar vil betre det økonomiske biletet. Den største omlegginga skal skje i juni med økonomisk effekt frå juli. Samstundes reduserer ein med ein avelingsleiar, slik at ein etter juni vil ha tre avelingsleiarar i eininga.

Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Delta i prosjektet «Lev Vel i Vaksdal - Meistring og deltaking heile livet» jamfør framdriftsplan.

Igangsetja prosessar for oppretting av ressurscenter for demens ved Vaksdal sjukeheim:

Forprosjekt er nær avslutta. Flytter dementgruppe frå Daletunet til Vaksdal 6 juni. Meir fleksibel bruk av korttidsplassar er under utprøving.

Starta etablering av Helsehus knytt til Daletunet Omsorgscenter, oppstart av brukarlab:

Forprosjektgruppe har levert si innstilling. Delprosjekt så som AbleOn vert drive fortløpande.

Kompetanseheving i tråd med kompetanseplan:

Nytt program for palliasjon (pleie/omsorg for døande), Livets Siste Dager, er implementert. Det er gjennomført eiga opplæring

Folkehelse og familie

Eininga sin visjon: «Me skal leggja til rette for, og bidra til, at folk i Vaksdal kommune får best mogeleg livskvalitet.»

Økonomi

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Folkehelse og Familie	10 454 433	9 874 599	-579 834	23 566 603	10 832 573

Pr første tertial har Folkehelse og familie eit samla negativt resultat på ca. 0,6 mill. Barnevern har større utgifter jamfør barnevernstiltak i og utanfor heimen. Samstundes ser ein at ein lukkast i tiltaka ved at ein har nedgang i bekymringsmeldingar i eldre saker. På kort sikt vil det seie at ein har større utgifter enn det som er budsjettert, men på noko lenger sikt er det mulighet for å få utgiftene noko ned. Ein held også på å rekruttera tilsette slik at utgifter til ekstern rådgjeving går ned.

Nav/økonomisk sosialhjelp har ein liten reduksjon i utbetalingar jamfør same periode i fjor, men har eit meirforbruk i forhold til årets budsjett. Det er ei utvikling me har sett sidan hausten 2014 med aukande arbeidsledigheit. Avdelinga arbeider saman med andre samarbeidsparter for å betre brukarflyt, og tydelegare og tidlegare avklaringar. Busetting av nye flyktingar i perioden har ikkje kome i gang pr april grunna kapasitetsproblemer hos Imdi/UDI.

Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Heile tenesta skal nytta godt pasientforløp som mal for det arbeidet som vert gjort:

Deltar i eit nasjonalt prosjekt frå summaren 2016. Har fleire tilsette som har vore på kurs i Helsepedagogikk.

Me skal gjennomføra brukarundersøking i barnevernstenesta og rus-og psykiatritenesta:

Ikkje starta opp endå.

Barn i barnevern skal ha utarbeida individuell plan der det er naudsynt:

Vurderer fortløpande og gjev individuell plan jamfør lovverk

Inngå konkret og forpliktande samarbeid med blant andre Røde Kors og Frivillighetssentralen:

Dette skal utførast til hausten.

Minst 55% av dei som deltek i introduksjonsprogrammet går over i jobb eller utdanning etter programmet er avslutta:

Vaksdal kommune startar opp Vaksenopplæring frå hausten 2016 – og med det samle heile flykningetenesta med busetting, kvalifisering og integrering under ein teneste.

Tenesteområde Oppvekst

Tenesteområdet oppvekst er skular, barnehagar, PPT og vaksenopplæringa.

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Felles oppvekst	851 534	1 591 503	739 969	4 146 625	1 536 052
Skule	16 529 273	15 715 394	-813 879	44 438 817	17 511 235
Barnehage	7 504 619	7 263 277	-241 342	21 242 899	7 374 098
Sum	24 885 426	24 570 174	-315 252	69 828 341	26 421 385

Tenesteområdet har eit negativt avvik på om lag 0,3 mill. Tilpassing til rammevilkåra som ligg i økonomiplanen har stort fokus og vi arbeider kontinuerleg for å tilpasse drifta. Det er ein del periodiseringsavvik både på skulane, barnehagane og tenesteområde generelt. Spesielt tenesteområdet har stort positivt avvik pga tilskot frå IMDI til vaksenopplæring som ikkje er betalt ut til Voss kommune. Stramme rammer krev at vi i enno større grad nyttar verktøy som De utrolige åra og PALS i arbeidet med større grupper og målretta forbetra ordinær undervisning for å betra tilpassa opplæring.

I 1. tertial har området hatt fokus på å følgje opp og forbetra kvaliteten på læringsmiljøet og læringsutbytte i tett dialog med barnehagar og skular. Dette gjennom blant anna kvalitetsdialogar i skular og barnehagar.

Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Vi er aktive oppveksteigarar, både politisk og administrativt, og leiarar som vurderer og forbetra kvaliteten i barnehage og skule gjennom dialogbasert styring

Oppvekst eigarar og oppvekstleiarane har gjennom leiarutviklingsprogram fått auka kunnskap om dialogbasert styring. Ei eiga samling for politisk og administrativt oppveksteigarnivå er gjennomført i tillegg til samling for leiarar. Det er utarbeid tilstandsrapport for skule som vert lagt fram for politisk nivå våren 2016.

Vi har tilsette med god og rett kompetanse til å fremja born og unge si faglege og sosiale utvikling

Tilsetjingsprosess for oppstart haust 2016 er starta og vurdering av aktuelle søkjarar vert gjort ut frå blant anna krava til undervisningskompetanse i skulane.

Vi starta arbeidet med å realisera vedtaket om framtidretta skulestruktur når det ligg føre

Saka om skulestruktur var på høyring i 1. tertial og vert lagt fram for politisk nivå i 2. tertial.

Vi har system for å ta imot, følgje opp og betra opplæring i norsk for minoritet språklege born og vaksne

Vaksenopplæring i eigen kommune er greia ut og vurdert til å vera både økonomisk og kvalitetsmessig føremålstenleg. Tilsetjing av personalet er gjennomført og det vert starta vaksenopplæring på Dale 1. august 2016.

Ved søknad til barnehage for hausten 2016 har vi om lag same tal born i høve fjoråret. Alle borna med rett som er søkt inn i barnehagen frå hausten 2016 har fått plass og det fordelar seg som vist i tabell:

Barnehage	Plassar i % / tal born 2013/2014	Plassar i % / tal born 2014/2015	Plassar i % / tal born 2015/2016	Plassar i % / tal born 2016/2017
Stamnes	1 840 % / 20	1 550 % / 14	1 560 % / 12	1 240 % / 12
Dale	4 040 % / 43	4 270 % / 43	3 390 % / 37	3 570 % / 36
Stanghelle	7 140 % / 64	10 180 % / 73	11 020 % / 76	10 270 % / 71
Vaksdal	7 180 % / 67	8 220 % / 64	6 340 % / 51	6 040 % / 46
Totalt	20 200 % / 194	24 220 % / 194	22 310 % / 176	21 120 % / 165

Hausten 2016 startar 43 born på skulane våre. Elevane er fordelt slik:

Vaksdal skule	12 elevar
Stanghelle skule	18 elevar
Dale barne- og ungdomsskule	13 elevar

HMT

Barnehagane og skulane arbeider med nærver på arbeidsplassen der fokus er kor viktig den enkelte tilsette er for kvaliteten på tenesta. Stabilitet i personalet gjev tryggleik for born og unge.

Tala viser at både skule og barnehage ligg under målet. Og spesilet skule har auka sjukefråvær samalikna med same periode i fjor. Det er variasjon i sjukefråværet mellom dei ulike skulane og barnehagane. Skulane og barnehagane har gjennomført dialogmøter i høve NAV i 1. tertial.

Alle barnehagane og skulane har gjennomført vernerunde og alle har verneombod.

Barnehage

Økonomi

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Barnehage	7 504 619	7 263 277	-241 342	21 242 899	7 374 098

Barnehage har eit negativt avvik på om lag 0,2 mill,-. Avviket kan forklarast mellom anna med noko forseinka refusjonar og forseinka fakturering av barnehage i april. Når dette er retta opp vil barnehage ha eit positivt resultat.

Det positive avviket gjev barnehage høve til å møte forventa ny lov om Utvida rett til barnehage, det born som er født innan 31. oktober førre år får rett til barnehageplass. Tidlegare har dato for rett til barnehage vore 31. august. Fleire nye ordningar for redusert brukarbetaling og auka tal born under 3 år vil gje reduserte inntekter med særleg verknad frå august. Det er difor avgjerande å berekne at det positive avviket i brukarbetaling hittil vil dekke forventa underskot til hausten. Det må sjåast i heilårsperspektiv.

Bemanninga i barnehage vert frå hausten 2016 3 tilsette pr 18 plassar (1 pedagog + 2 barnemedarbeidarar) I dei barnehagane der det er over 18 barn på ein eller fleire avdelingar, vert det sett inn 1 pedagog ekstra pr. 18 plassar

Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Barnehagen legg til rette for at føresette kan delta aktivt i utforminga av tilbodet

Barnehagane og skulane har saman starta ei satsing på betra sambeid med føresette. Arbeidet vert gjort i samanheng med leiarprogrammet styrarane er ein del av.

Barnehagen vurderer og forbetra kontinuerlig sin eigen praksis

Alle barnehagane og avdelingar har utarbeida plan for implementering av TRAS, DUÅ og Språkløyper. Evaluering er fast punkt på sakslista ved avdelingsmøter og andre møter. Skriftleg mal for møtестruktur, saksliste og referat/dokumentasjon vert utarbeidd vår 2016.

Barnehagen er god til å integrera minoritetsspråklege barn

Barnehage og skule skal laga ei handbok med rutinar og metodehefte for å kunne ta imot og følgje opp minoritetsspråklege born. Det er sett ned ei arbeidsgruppe med tilsette frå skule og barnehage som har starta prosessen.

Dei tilsette har god kompetanse om borna si utvikling, både språkleg og sosialt

Alle barnehagane og avdelingane nyttar programmet De utrolige åra (DUÅ) i det daglege arbeidet med borna. Dette syner igjen på den enkelte avdeling og både born og vaksne er kjent med og nyttar verkøyet/tiltaka i kvardagen. Det har vore gjennomført kurs for tilsette som manglar dette våren 2016. Språk vert nytta medvitande og aktivt i alle aktiviteter med borna, samt implementera plan for språk og sosial kompetanse i alle avdelingane. Det vert arbeider systematisk med språkgrupper og ulike pedagogiske metodar vert nytta. Det er gjennomført felles opplæring i TRAS og Språkløyper for alle tilsette.

Skule

Økonomi

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Skule	16 529 273	15 715 394	-813 879	44 438 817	17 511 235

Skule har eit negativt avvik på om lag 0,8 mill. Deler av avviket (-0,4 mill) knytt til manglande overføring av utgifter til Samfunnsutvikling innfor eigedomsforvaltning. Det er også avvik innfor SFO (-0,2 mill) som skuldast nedgang i brukarbetaling. Det er også eit mindre avvik på skuleskys.

Sjukefråvær for resten av våren og til hausten kan verta ein kritisk faktor, då budsjettet er svært nøkternt på dette punktet.

For å møte desse utfordringane vil vi forsetja arbeidet med å dela og auka kompetanse blant dei tilsette kring arbeid med klasseleiing, grunnleggjande ferdigheiter og undervisning i aldersblanda grupper.

Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Føresette vert involvert og skulen legg til rette for at dei kan bidra aktivt i utviklinga av eige barn og skulekvardagen.

Skulane og barnehagane har saman starta ei satsing på betra sambeid med føresette. Arbeidet vert gjort i samanheng med leiarprogrammet styrarane er ein del av. Vi nyttar lærande møte som metode på møteplassane våre, både med tilsette og føresette, der forpliktande oppfølging er ein føresetnad. Fleire av skulane har prøvd dette med gode resultat.

Elevane skal ha opplæring i eit trygt og godt læringsmiljø

Vi arbeider systematisk vidare med PALS som verktøy slik at det vert ein del av kvardagen i skulane. Alle skulane arbeider med PALS og skulane/PPT melder om god utvikling på dette området.

Elevane skal kjenna til måla i opplæringa og kva som vert vektlagt i vurderinga av elevane sin kompetanse

Skulen utarbeider lokale læreplanar for elevane sine kompetansemål. Alle skulane har arbeidd med dette, nokre skular er ikkje i mål med at dei har fått laga i alle fag.

Skulen vurderer og forbetrar kontinuerleg sin eigen praksis

Vi analyserer brukargranskningar som er gjennomført seint hausten 2015 og set inn målretta tiltak på den enkelte skule med utgangspunkt i brukargranskninga og nasjonale prøvar. Foreldregranskninga må ein arbeida vidare med, ikkje alle har gjennomført denne og svarprosenten må betra seg.

Skulen er god å integrera minoritetspråklege barn og unge

Barnehage og skule skal laga ei handbok med rutinar og metodehefte for å kunne ta imot og følgje opp minoritetspråklege born. Det er sett ned ei arbeidsgruppe med tilsette frå skule og barnehage som har starta prosessen.

Tenesteområde Samfunnsutvikling

Økonomi

	Rekneskap pr 1.tertial 2016	Budsjett pr 1.tertial 2016	Avvik pr 1.tertial 2016	Årsbudsjett 2016	Rekneskap pr 1.tertial 2015
Samfunnsutvikling	18 281 121	15 742 635	-2 538 486	40 495 975	13 846 890
Samfunnsutvikling - sjølvkost	-3 425 020	-3 604 126	-179 106	-415 129	-3 146 792
Sum	14 856 101	12 138 509	-2 717 592	40 080 846	10 700 098

Pr 1.tertial er det eit avvik på –2,7 mill. Det er eit budsjettavvik på 4, 79 millionar kroner knytt til mobilutbygging Eksingedalen. Utbygginga er ført som eit tilskot, då Vaksdal kommune ikkje står som eigar av denne investeringa. Dette vert dekkja inn av tilskotet og avsatte midlar til formålet. Ser ein bort får dette avviket har eininga eit mindreforbruk pr 1.tertial.







Som følge av omlegging av kostnader i eigedomsforvaltninga frå 1. januar 2016 samt er det store avvik mellom budsjett og rekneskap.

Nokre av avvika:

- Energi og avgifter som er ført på andre einingar i januar og februar: 0,4 mill
- Periodiseringsavvik knytt til Landbrukskontor og veterinærtenesta: 0,35 mill
- Periodiseringsavvik knytt til feiarvesen: 0,15 mill
- Periodiseringsavvik Ekso Kalkingsanlegg: -0,2 mill

Det er arbeid med effektivisering av miljø og kulturarbeid.

Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Område	Mål	Resultat tertial 1
Arbeidsmiljø	Godt arbeidsmiljø med lågt sjukefråvær	 Sjukefråvær på 11, 7 %.
Kommunale bygg	Effektiv og framtidretta bygningsmasse	 I rute med tilstandsregistrering, ikkje nådd målsetting om reduksjon av bygningsmassen.
Nærmiljø og møteplassar	Grøntområde skal vedlikehaldast betre. Grøntanlegg og møteplasser i sentrumsområde vert særskilt prioritert.	 Vaksdal senterpark opprusta til 17. mai.
Brannvern	Drive eit godt førebyggjande arbeid.	 Ligg litt etter tilsynsplan for 2016
Bibliotek	Ulike tiltak som kan styrke biblioteket som sosial arena.	 Gjennomført 8 forfattartreff.
Kulturskulen	Bremse fråfall av elevar i den kritiske alderen frå barneskule til ungdomsskule.	 Dei nye tilboda har fungert bra.

Felles

Dette er ein samlepost for felles sektorovergrepande utgifter som rådmann/stab, politisk, ymse tilskot og kostnader som vert ført sentralt.

Pr. 1. tertial

Rådmann/stab:


Ein del faste postar som medlemskontingentar, drift/utvikling IKT, fasttelefoni m.v har periodiseringsavvik, det er venta balanse i året. Forsikringsavtale med Gjensidige er nylig forlenget, justeringer blir tatt i neste periode. Det er venta meirforbruk på seniortiltak og AFP i år pga fleire på ordninga. Lærlingar vert flytta til rett tenestad i året. Kostnader hovudtillitsvalde/hovudverneombod om lag som budsjettert, bedriftshelseteneste har meirforbruk. Vakant stilling HR leiar gir mindre forbruk løn pr. 1. tertial. Sjukefråvær der det ikkje er tatt inn vikar dekker inn meirkostnader som prisvekst på lisensar/årsgebyr, interkommunale samarbeidsavtalar og andre avtalar om kjøp av tenester m.v

Politisk:

Periodiseringavvik for godtgjersler som vert utbetalt to ganger pr.år.

Revisjon og politisk om lag som Budsjettert, men forventar noko meirkostnader i året knytt til kommunereformsarbeidet.

Førebels Kostratal for 2016 viser at kommunen har svært låge kostnader til administrasjon i forhold til kommune-storleik.



Ymse tilskot:

Tilskot til Kyrkjeleg Fellesråd, Frivillighetssentral, AO senter mv og andre tilskot er venta i balanse. Pr april er sentralt tilskot til Frivilligesentralen komt inn og gir eit periodiseringsavvik som dette jevnar seg ut over året.

Saker til Kommunestyre 1.tertial

Saksnr	Møtedato	Sakstittel	Kommentarer
01/2016	25.01.2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	OK
02/2016	25.01.2016	KOMMUNEPLANARBEIDET - VERDIGRUNNLAG FOR SAMFUNNSDELEN	Ok
03/2016	25.01.2016	BIR - HØYRING AV AVFALLS- OG RESSURSSTRATEGI FOR 2016-2020	Ok
04/2016	11.02.2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	Ok
05/2016	11.02.2016	LØYVE TIL DISPENSASJON OG BRUKSENDRING FOR ETABLERING AV ORDINÆRT ASYLMOTTAK I DELAR AV DALE FABRIKKER AS SINE LOKALER	Ikkje etablert
06/2016	29.02.2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	Ok
07/2016	29.02.2016	GODKJENNING AV MØTEBOK	Ok
08/2016	29.02.2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR	Ok
09/2016	29.02.2016	ASFALTERING TOSKEDALSVEGEN - NAUDSYNT FORSTERKNING AV VEG	Under arbeid
10/2016	29.02.2016	VEDLIKEHALDSSTRATEGI SAMT TILSTAND HELSEBYGG (SJUKEHEIMAR MED OMSORGSBUSTADER)	ok
11/2016	29.02.2016	ØKONOMISK TILSKOT FRÅ LOKALT VILTFOND TIL PROSJEKTET "VERKNAD AV HJORTEBEITING I PLANTEFELT OG UNG PRODUKSJONSSKOG AV GRAN OG FURU"	ok
12/2016	29.02.2016	KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016 - OPPSTART, ORGANISERING OG FRAMDRIFT	Arbeid i gang
13/2016	29.02.2016	KOMMUNEPLANARBEIDET - STATUS OG FRAMDRIFT	Ok
14/2016	29.02.2016	REGULERINGSPLAN FOR VAKSDAL VASSVERK TIL HØYRING	Ok
15/2016	29.02.2016	PROSJEKTET "LEV VEL I VAKSDAL" - ORGANISERING	Ok
16/2016	29.02.2016	HØYRINGSSVAR - FORSLAG TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM FOR KOMMUNANE	-
17/2016	29.02.2016	KOMMUNEREFORMA - STATUS	-
18/2016	29.02.2016	INTERPELLASJON FRÅ ANNELI VATLE LILLETVEDT VEDK K5 OG E16	-
19/2016	29.02.2016	INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES - NY VEG OG BANE-NYE UTFORDRINGAR	-
20/2016	29.02.2016	BRØYTING AV HERFINDALSVEGEN	Vinterstengt
21/2016	11.04.2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	Ok
22/2016	11.04.2016	GODKJENNING AV MØTEBOK	Ok
23/2016	11.04.2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR	OK
24/2016	11.04.2016	KOMMUNEDELPLAN HELSE OG OMSORG - VEDTAK AV PLAN	Ok
25/2016	11.04.2016	KOMMUNEREFORMA - FOLKERØYSTING	OK